



Innhald

Delegasjon av mynde frå kommunestyret.....	3
1. Innleiing.....	3
1.1 Skilnad mellom prinsipiell og kurant sak	3
1.2 Samhandling mellom politisk nivå, rådmann, administrasjon og innbyggjarar	3
1.3 Heimel	4
1.4 Line for delegering	4
2. Føremål med reglementet.....	4
3. Generelle retningsliner	5
3.1 Rett til ikkje å bruke delegert fullmakt.....	5
3.2 Avgrensing og omgjeringsrett	5
3.3 Avgjelder som krev samordning	5
3.4 Ordiner klagerett.....	5
3.5 Dokumentasjon av delegerte avgjerd	6
4. Kommunestyret sitt virkeområde.....	6
5. Delegert mynde til ordførar	7
6. Delegert mynde til formannskapet	7
6.1 Arbeids og ansvarsområde.....	7
6.2 Delegasjon i budsjett og økonomi	7
6.3 Hastesaker.....	7
6.4 Klageinstans.....	7
7. Delegert mynde til forvalningsstyret / planutvalet	7
8. Saksgruppene.....	8
8.1 Levekår og nærmiljø.....	8
Arbeids og ansvarsområde:	8
8.2 Næring og utvikling	9

Arbeids- og ansvarsområde:.....	9
9. Landbruksnemnda	9
10. Valstyret	9
11. Delegert mynde til administrasjonsutvalet.....	9
12. Delegert mynde til særskild klageorgan	9
13. Kontrollutvalet.....	10
14. Delegert mynde til rådmannen.....	10
14.1 Føremål	10
14.2 Rådmannen sitt ansvars og arbeidsområde	10
14.3 Generell mynde	11
14.4 Mynde i personalsaker	11
14.5 Mynde i økonomiske saker	11
14.6 Mynde til å treffe vedtak etter særlover	11
14.6 Iverksetjing	14
14.7 Endringar.....	14

DELEGASJON AV MYNDE FRÅ KOMMUNESTYRET

1. INNLEIING

Delegasjon betyr her overføring av mynde til å fatte vedtak frå eit overordna til eit underordna nivå. I kommunen går delegasjonen frå kommunestyret til politiske utval eller til rådmannen.

I Sund kommune sitt delegasjonsreglement gjev kommunestyret reglar og retningsliner for å skape naudsynt klargjering i ansvars-, mynde og oppgåvefordeling mellom dei ulike politiske organa, og når det gjeld samhandlinga med administrasjonen ved rådmannen.

Delegasjon av mynde er å gjera arbeidsformer og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Retningslinene for delegasjon skal slik bidra til:

- At dei folkevalde får moglegheit til å konsentrere seg om politiske og prinsipielle saker og vedta overordna planar og retningsliner, for å sikre ei sterk politisk heilskapleg styring av kommunen
- At kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn/regelverk eller frå kommunen sine eigne planvedtak eller retningsliner, vert avgjort raskare og nærmest mogleg innbyggjarane/ brukarane.

Delegasjon av mynde betyr ikkje å fråskrive seg ansvar. Kommunestyret kan sjølv fatte vedtak på eit saksområde der mynde er delegert vidare, utan å trekke tilbake mynde. Det same kan rådmannen i høve til det som er delegert vidare administrativt.

1.1 SKILNAD MELLOM PRINSIPELL OG KURANT SAK

Prinsipiell sak:

Vedtak som krev ei breiare skjønsmessig vurdering, politiske vurderinger eller prioriteringar, avgjerder som innleier ein ny praksis, eller medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

Kurant sak:

Vedtak som er fagleg prega og følgjer lov, føresegn, regelverk og kommunen sine eigne plan- og retningsliner og vedtak. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet.

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal rådmannen avklara dette med ordførar. Det føreset at sakshandsamar for ei aktuell sak, konfererer med sin leiar ved tvil om ei sak er prinsipiell. Saka må då drøftast med rådmannen. Dei avklaringar som vert gjort utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegasjonsreglementet

1.2 SAMHANDLING MELLOM POLITISK NIVÅ, RÅDMANN, ADMINISTRASJON OG INNBYGGJARAR

Ordførar og rådmannen har eit særskild ansvar for å sjå til at kommunikasjonen mellom administrativt og politisk nivå fungerer godt. Rådmannen kan foreslå at særleg vanskelege saker,

og saker av prinsipiell karakter vert løfta til politisk nivå, sjølv om vedtaksmynne i prinsippet er delegert til det administrative nivået ved rådmannen.

I samhandlinga med innbyggjarane skal alle tilsette vise naudsynt openheit, yte god service og opptre på ein slik måte at innbyggjarane oppfattar administrasjonen som ein likeverdig part, som lyttar før vedtak vert fatta.

I alle saker skal sakshandsamingsrutinar følgjast. Kommunen si heimeside skal nyttast aktivt for å informere innbyggjarane om kommunen si verksemd. Heimesida skal til ein kvar tid vere oppdatert. I tillegg skal innbyggjarane få informasjon gjennom lokalavis der det er naturleg, evt. gjennom eigne informasjonsskriv.

1.3 HEIMEL

Delegasjon av vedtaksmynne skjer med heimel i Lov om kommuner og fylkeskommuner.

1.4 LINE FOR DELEGERING

Kommunestyret er det øvste styrande organet og har i utgangspunktet all avgjerdssrett. All delegasjon tek difor utgangspunkt i kommunestyret. Kommunestyret delegerer til andre politiske utval og til administrasjonen ved rådmannen.

Alle folkevalde organ kan vidaredelegere mynde til rådmannen innafor sitt arbeidsområde, såframt kommunestyret ikkje bestemmer noko anna.

Rådmannen kan delegere vidare i organisasjonen.

2. FØREMÅL MED REGLEMENTET

Kommunestyret delegerer mynde slik at det blir lagt til rette for ei forsvarleg sakshandsaming, raske og riktige avgjelder og ein effektiv organisasjon. Vedtak i einskildsaker skal delegerast slik at vedtaket vert teke i eit organ nærest mogleg den/dei det vedkjem. I denne samanheng må det avvegast følgjande omsyn:

- Rettstryggleik for innbyggjarar som har saker til handsaming
- Effektiv ressursbruk
- Service og sakshandsamingstid
- At den einskilde avgjerd skal vere i samsvar med både sentrale og lokale politiske mål og retningslinjer

3. GENERELLE RETNINGSLINER

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med:

- Lover og tilhøyrande forskrifter og retningsliner
- Kommunale forskrifter og retningsliner
- Politisk vedtekne planar
- Økonomiplan og budsjett
- Vedtak i prinsippsaker
- God forvaltingsskikk

3.1 RETT TIL IKKJE Å BRUKE DELEGERT FULLMAKT

Den som har fått delegert mynde, kan likevel overlate til overordna organ å ta avgjerd i særskilde saker.

3.2 AVGRENSING OG OMGJERINGSRETT

Eit overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

Eit overordna organ kan av eige tiltak omgjere eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med forvaltningslova § 35. Leiar av det overordna organet kan bestemme at iverksetjing av vedtaket skal utsettast inntil endeleg vedtak er fatta.

3.3 AVGJERDER SOM KREV SAMORDNING

Delegert mynde skal ikkje brukast slik at avgjerala får konsekvensar ut over eige arbeids- og ansvarsområde. Slike tilfelle krev at det er semje mellom dei ulike involverte organa eller dei administrative einingane. Dersom det ikkje vert oppnådd semje, skal saka bringast inn for overordna organ eller rådmannen.

3.4 ORDINER KLAGERETT

Alle einskildvedtak kan med heimel i forvaltningslova, klagast på av ein part eller ein annan med rettsleg klageinteresse. Einskildvedtak som vert klaga på, skal behandlast på nytt av vedtaksorganet. Dersom klagen ikkje vert teke omsyn til, går klagen til kommunen si særskilde klagenemnd, så framt ikkje anna går fram av lov eller forskrift. For vedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Dette punktet gjeld ikke retten til å klage til fylkesmannen etter særlov.

3.5 DOKUMENTASJON AV DELEGERTE AVGJERD

Alle delegerte saker vert handsama etter forvaltningslova og reglar for sakshandsaming i kommunen.

Alle vedtak skal dokumenterast og journalførast i kommunen sitt sak- og arkivsystem. Delegerete saker ligg i offentleg postjournal og vert lagd ut på kommunen sine heimesider, med unntak av dokument som er underlagt teieplikt.

4. KOMMUNESTYRET SITT VIRKEOMRÅDE

Kommunestyret er det øvste politiske organ i Sund kommune. Kommunestyret fattar vedtak på vegne av kommunen så langt ikke anna følgjer av lov, forskrift eller reglement.

Kommunestyret har mynde til å deleger fullmakt til politiske organ og til rådmannen.

Kommunestyret avgjer alltid saker som gjeld (lista er ikkje uttømmende):

- Økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak
- Igangsetting av nye tiltak ut over årsbudsjettet samt vesentlege endringar i årsbudsjettet
- Avtalar som fører til økonomiske forpliktingar utover årsbudsjettet
- Godkjenning av rekneskap og årsmelding
- Saker om å ta opp nye lån samt å stille garanti for lån
- Foreta kjøp /sal av fast eigedom og pantsette fast eigedom
- Prinsippvedtak som gjeld interkommunalt samarbeid
- Kommunale avgifter og betalingssatsar
- Delegasjonsreglement
- Overordna planar og retningsliner
- Andre prinsipielle saker som kommunestyret ynskjer å handsame
- Saker som gjeld val av råd og utval
- Tilsettjing av rådmann
- Vedtak av ekspropriasjon og samtykke til ekspropriasjon

- Vedtak om utbyggingsavtaler
- Vedtak om refusjon

5. DELEGERT MYNDE TIL ORDFØRAR

Ordføraren (og varaordføraren ved ordføraren sitt fråvær) har mynde og oppgåver som er heimla i kommunelova.

I medhald av kommuneloven § 9 nr. 5, får ordføraren fullmakt til å gjere vedtak i kurante saker som måtte oppstå i formannskapet sin ferie og som krev rask avgjerd. Vedtaka vert å referere på første formannskapsmøte etter ferien.

6. DELEGERT MYNDE TIL FORMANNSKAPET

6.1 ARBEIDS OG ANSVARSMØRÅDE

Formannskapet er kommunen sitt øvste organ mellom kommunestyremøta. Formannskapet skal gje innstilling i økonomiplan og årsbudsjettet og ved vesentlege endringar av desse dokumenta.

Formannskapet har mynde til å treffe avgjerd i alle saker kor ikkje anna følgjer av lov, jf. kommuneloven § 8, eller avgjerdsmynne ved reglement er lagt til kommunestyret, anna politisk utval eller rådmannen.

6.2 DELEGASJON I BUDSJETT OG ØKONOMI

Formannskapet sine fullmakter i høve til budsjett og økonomi, er gjort greie for i eige reglement for budsjettdisponering og delegasjon av tilvisingsrett.

6.3 HASTESAKER

Formannskapet har mynde til å fatte vedtak i saker som skulle vore avgjort av eit anna organ, så framt det er naudsynt at vedtak vert fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle det aktuelle organet jf. kommuneloven § 13.

6.4 KLAGEINSTANS

Formannskapet er klageinstans etter §§ 40-43 i veglova.

7. DELEGERT MYNDE TIL FORVALTNINGSSTYRET / PLANUTVALET

Planutvalet arbeider innafor dei rammer kommunestyret har bestemt, gjennom kommuneplanen eller andre planar som er vedteke av kommunestyret.

Planutvalet innstiller i saker som skal avgjera av kommunestyret etter lover nemnd i dette kapittel.

Planutvalet har mynde til å gjere vedtak etter følgjande særlover:

Plan og bygningsloven (27.06.2008 nr. 71):

- Vedta høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram
- Vedta høyring og offentleg ettersyn av forslag til kommuneplan
- Vedta høyring og offentleg ettersyn av forslag til reguleringsplan
- Vedta mindre endring av reguleringsplan
- Vedta mellombels forbod mot tiltak jf. § 13-1
- Godkjenne tiltak etter § 20-1 jf. § 19-2 når desse krev vesentleg dispensasjon fra plan eller krav til å utarbeide plan. Sistnemnde gjeld tilsvarende når dispensasjon er naudsynt på grunn av tiltaket sin storleik eller spesielle utforming
- Handsamer klagesaker som skal til fylkesmannen som klageinstans

Forurensningsloven (13.03.1981 nr. 6):

- Særskild store saker og saker av prinsipiell karakter kan løftast til politisk nivå, sjølv om vedtaksmynne etter forurensningsloven i prinsippet er delegert til det administrative nivået ved rådmannen

Matrikkellova (17.06.2005 nr. 101):

- Inngå avtale etter kommuneloven kap. 5 om å overlate til andre å utføre oppmålingsforretninger og/ eller å føre matrikkelen på sine vegne jf. § 5a andre ledd.
- Handsamer klagesaker som skal til fylkesmannen som klageinstans

Vannressursloven (24.11.2000 nr. 82):

- Handsamer klagesaker som skal til fylkesmannen som klageinstans

Friluftsloven (28.06.1957 nr. 16):

- Handsamer klagesaker som skal til fylkesmannen som klageinstans

8. SAKSGRUPPENE

Sund kommune har to politiske sakgrupper; saksgruppe levekår og nærmiljø og saksgruppe næring og utvikling.

Saksgruppene får sine oppdrag fra kommunestyret og har ikke avgjerdssrett, men skal gje innstilling til kommunestyret.

8.1 LEVEKÅR OG NÆRMILJØ

Arbeids og ansvarsområde:

- Er styringsgruppe for planar innan områda oppvekst og helse/omsorg
- Gjev innstilling til kommunestyret i saker innafor oppvekst, helse/omsorg og nærmiljøtiltak

- Har avgjerdssrett til å fordele kommunale kulturmidlar

8.2 NÆRING OG UTVIKLING

Arbeids- og ansvarsområde:

- Er styringsgruppe for planar innan områda næring, kultur, trafikksikring, vatn og avlaup m.m.
- Gjev innstilling til kommunestyret i saker innafor næring, kultur, trafikksikring, vatn og avlaup m.m.

9. LANDBRUKSNEMNDA

Nemnda handsamar prinsipielle saker og saker med nye vinklingar etter jord-, odels-, skogbruks-, konsesjons- og viltlova, som fell inn under landbruksforvaltninga i kommunen.

Nemnda handsamar også klagesaker som skal til fylkesmannen som klageinstans.

10. VALSTYRET

Valstyret vert vald av kommunestyret etter valgloven. Valstyret er delegert mynde til å velje medlemmer og varamedlemmar til røystestyra, inkludert leiar og nestleiar.

Valstyret er delegert mynde i alle saker som ikkje etter lova er lagt til kommunestyret.

11. DELEGERT MYNDE TIL ADMINISTRASJONSUTVALET

Utvaret er kommunen sitt partsamansette utval etter kommunelova, for handsaming av fellessaker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Utvaret skal også ivareta kommunen sitt ansvar i høve til Lov om likestilling mellom kjønnene.

Hovudarbeidsområdet for administrasjonsutvalet er den overordna personalpolitikken og skal gje retningsliner for dette arbeidet. Det vert synt til eige reglement for administrasjonsutvalet av 07.06.2005 journalpost 05/5509. Dette reglementet skal reviderast innan 30.06.2017.

12. DELEGERT MYNDE TIL SÆRSKILD KLAQEORGAN

Forvalningsstyret – klagenemnd er kommunen sitt særskilde klageorgan etter § 28 2. ledd i kommunelova.

13. KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla i kommuneloven og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

14. DELEGERT MYNDE TIL RÅDMANNEN

14.1 FØREMÅL

Delegeringa har som føremål å:

- Sikre innbyggjarane rask og effektiv service og sakshandsaming
- Bidra til ein føremålstenleg og effektiv arbeidsdeling mellom politiske organ og administrasjonen
- Fjerne kurante saker – hovudsakeleg av gjennomførande art, frå dei vedtaksføre politiske organa, til rådmannen, slik at desse får frigjort tid til saker som gjeld vidareutvikling av kommunen som organisasjon og samfunn
- Gje administrasjonen naudsynt handlefridom til å utvikle ein effektiv organisasjon, med vekt på å dekkje innbyggjarane sine behov innafor dei politiske vedtekne rammene

14.2 RÅDMANNEN SITT ANSVARS OG ARBEIDSOMRÅDE

Rådmannen er øvste leiar for kommunen sin administrasjon. Rådmannen sine rettar og pliktar går m.a. fram av kommuneloven, tilsettings- og leiaravtale, kommunale vedtak, reglement og retningsliner.

Rådmannen har eit særskild ansvar for å:

- Leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker til dei folkevalde organa og sjå til at desse er forsvarleg utgreidd, m.a. med omsyn til eit heilskapleg perspektiv og konsekvensar for økonomi, personell og innbyggjarane sine krav til tenester
- Gjennomføre og setje i verk dei politiske vedtaka
- Sørgje for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar, gjennom m.a. å etablere rutinar for god internkontroll
- Vidareutvikle, kvalitetsikre og tilpassa kommunale tenester til dei behov innbyggjarane har
- Leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen

- Motivere og utvikle kommunen sine tilsette innafor ein fleksibel og effektiv organisasjon
- Ivareta kommunen sitt overordna arbeid med helse, miljø og tryggleik
- Delta i kommunen sitt interkommunale samarbeid og profilere kommunen eksternt

14.3 GENERELL MYNDE

Rådmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som er kurante og som ikkje er av prinsipiell karakter. Rådmannen kan vidaredelegere sitt mynde, så framt ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.

Rådmannen skal til vanleg utgreie og gje tilråding i saker som skal handsamast i kommunestyret, formannskap og andre politiske utval.

14.4 MYNDE I PERSONALSAKER

Rådmannen har mynde til å tilsette og seie opp i alle kommunale stillingar, med unntak der dette er lagt til andre ved lov. Rådmannen fattar avgjerd i alle personalsaker innafor dei retningslinjer som kommunestyret eller administrasjonsutvalet har vedteke.

14.5 MYNDE I ØKONOMISKE SAKER

Rådmannen har ansvar og mynde til å disponere heile kommunen sitt budsjett, innafor vedtekne budsjettrammer, mål og retningsliner.

Elles gjeld føresegn som er gjeve i eige reglement for budsjettdisponering og delegasjon av tilvisingsrett, samt finansreglement vedteke i kommunestyret 09/11/2010 sak K-105/10.

14.6 MYNDE TIL Å TREFFE VEDTAK ETTER SÆRLOVER

Rådmannen vert delegert kommunestyret sitt mynde etter desse lovene, så framt mynde ikkje er delegert til formannskapet, forvalningsstyret, eller andre politiske utval og ikkje er av prinsipiell karakter.

Oversikt lover (lista er ikkje uttømmande):

- Lov om planlegging og bygesaksbehandling (plan- og bygningsloven) LOV-2008-06-27-71:

Rådmannen er delegert mynde til å ta avgjerd i dei gjeremål som er lagt til kommunen etter plan og bygningslova, med unntak av det som er lagt til kommunestyret og planutval og som ikkje kan delegerast.

- **Lov om egedomsregistrering** (matrikkellova) -LOV-2005-06-17-101
Rådmannen er delegert kommunestyret sitt mynde etter lov til å:
 - Møte på vegne av kommunen ved kart og delingsforretninger
 - Rekvirere kartforretning på kommunen sine vegne
- **Lov om eierseksjoner** (eierseksjonsloven) LOV-1997-05-23-31
- **Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom** (konsesjonsloven) mv. LOV-2003-11-28-98
- **Lov om vassdrag og grunnvann** (vannressursloven) LOV-200-11-24-82
- **Lov om odelsretten og åsetesretten** (odelslova) LOV-1974-6-28-58
- **Lov om friluftslivet (friluftsloven)** LOV-1957-06-28-16
- **Lov om jord (jordlova)** LOV-1995-05-12-23
- **Lov om Skogbruk** (skogbrukslova) LOV-2005-05-27-31
- **Lov om jakt og fangst av vilt** (viltloven) LOV-1981-05-29-38
- **Lov om forpaktning** (forpaktlingslova) LOV-196506-25-1
Gjere vedtak om forpaktningsavtale og om skjønn.
- **Lov om vern mot forurensninger og om avfall** (forurensningsloven) LOV-1981-03-13-6:
Med heimel i § 83 1. vert avgjerdsmynne i alle saker som kan delegerast frå kommunestyret, delegert til rådmannen.
- **Lov om vegtrafikk** (vegtrafikkloven) LOV-1965-06-18-4:
§ 4 (trafikkreglar), § 5 (skilt), § 6 (fartsgrenser) og § 7 (mellombels forbod mot trafikk på kommunal veg).
- **Lov om vegar** (veglova) LOV-1963-06-21-23:
§ 9 – oppstre som kommunal vegstyresmakt.
- **Lov om rettshøve mellom grannar** (grannelova) LOV—1961-06-16-15

- **Lov om kulturminne** (kulturmineloven) LOV-1978-06-09-50
- **Lov om avgrensing i retten til å sleppe hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite** (hanndyrlova) LOV-1970-03-06-5
- **Lov om forvaltning av naturen mangfold** (naturmangfoldloven) LOV-2009-06-19-100
- **Lov om ymse beitespørsmål** (beitelova) LOV-1961-06-16-12
- **Lov om havner og farvann** (havne- og farvannsloven) LOV-2009-04-17-19
- **Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen** (sosialtjenesteloven) LOV-2009-12-18-131
- **Lov om kommunale helse og omsorgstjenester m.m.** (helse- og omsorgstjenesteloven) LOV-2011-06-24-30
- **Lov om helsepersonell m.v.** (helsepersonelloven) LOV-1999-07-02-64
- **Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern** (psykisk helsevernloven) LOV-1999-07-02-62
- **Lov om folkehelsearbeid** (folkehelseloven) LOV-2011-06-24-29
- **Lov om pasient- og brukerrettigheter** (pasient- og brukerrettighetsloven) LOV-1999-07-02-63
- **Lov om vern mot smittsomme sykdommer** (smittevernloven) LOV-1994-08-05-55
- **Lov om helsemessig og sosial beredskap** (helseberedskapsloven) LOV-2000-06-23-56
- **Kjønnslemlestelsesloven** LOV-1995-12-15-74
- **Lov om vern mot tobakksskader** (tobakksskadeloven) LOV-1973-03-09-14:
- **Lov om barneverntjenester** (barnevernloven) LOV-1992-07-17-100
- **Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa** (opplæringslova) LOV-1998-07-17-61
- **Lov om barnehager** (barnehageloven) LOV-2005-06-17-64
- **Lov om voksenopplæring** (voksenopplæringsloven) LOV_2009-06-19-95
- **Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret** (civilbeskyttelsesloven) LOV-2010-06-25-45

- **Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.** (alkoholloven) LOV-1989-6-02-27:
Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde så langt alkohollova/kommunelova tillèt jf. alkoholpolitiske retningsliner 2016 – 2020 vedtekne av kommunestyret saksnr. 07/16 .

- **Lov om serveringsvirksomhet** (serveringsloven) LOV-1997-06-13-55

Rådmannen vert delegert mynde til å:

- Gje løyve til servering jf. § 3
- Utvide opningstid ved særskilde høve jf. § 15
- Sette løyve ut av kraft jf. § 18
- Ta attende eit løyve jf. § 19

- **Lov om straff (straffeloven)** LOV-2005-05-20-28:

Rådmannen får mynde til å gjere krav om offentleg tiltale for tilfelle som vedkjem verdiar eller interesser som kommunen forvaltar eller fører tilsyn med.

14 IVERKSETJING OG ENDRINGAR AV REGLEMENT

14.6 IVERKSETJING

Reglementet trer i kraft frå det tidspunkt det er vedteke av kommunestyret. Frå same tidspunkt vert tidlegare reglement oppheva.

14.7 ENDRINGAR

Endring av reglementet vert vedteke av kommunestyret. Rådmannen har mynde til å gjere justeringar og formelle endringar, for å sørge for at reglementet til ei kvar tid er i samsvar med dei vedtak om delegering som vert fatta, samt justeringar som er naudsynte som følge av endringar i lover, forskrifter og andre føresegn. Kommunestyret skal orienterast om endringar som vert gjort av rådmannen.